
Fra: Nils Kaalaas
Sendt: 26. november 2018 09:45
Til: Eilin Houlison Molvik
Emne: VS: Uttale frå Landbruk til søknad om oppføring av hestestall på gbnr 200/5

Fra: Nils Kaalaas
Sendt: 22. november 2018 08:49
Til: Eilin Houlison Molvik
Emne: Uttale frå Landbruk til søknad om oppføring av hestestall på gbnr 200/5

Vurdering:

Eigarane av denne eigedomen driv med hestehald og stallen dei søker å setja opp er plassert på er overflatedyrka/gjødsla beite og det trengst såleis løyve til omdisponering etter jordlova.

Ein vil og i denne samanheng visa til «Forskrift om husdyrgjødsel», som skal hindra forureining til luft og vassdrag.

Då det her er søkt om hestestall så vil ein gå ut frå at det her vil vera strøblanda gjødsel og syner til § 10 i forskrifta der det går fram at:

«Fast strøblandet gjødsel som har flytende overskudd, dvs mindre enn 25% tørrstoff, skal lagres på tett bunnplate og skjermes med tette kanter. Bunnplaten skal ha fall til sluk og tett oppsamlingskum for urisig frå gjødselen.

Gjødsel med meir enn 25% tørrstoff og omdannes under lagringsperioden, kan lagres direkte på bakken. Slike hauger skal skjermes mot overflatevann. Kommunen kan stille krav om skjerming mot nedbør.»

Vedtak

Det vert synt til det som kjem fram i vurderinga og med heimel etter § 9 i jordlova vert det gjeve løyve til omdisponering av arealet som omsøkt til oppføring av hestestall på gnr 200 bnr 5 Sjurseter. Det vert og synt til gjødsselforskrifta og med at dette ligg i nedbørsfeltet til drikkevasskjelde så vil det vera eit absolutt krav at gjødsellager vert skjerma mot overflatevatn og skal tildekkast.

Nils Kaalaas | Skogbrukssjef

E-post: nils.kaalaas@lindas.kommune.no | **Telefon:** 56 37 56 31 / 480 92 919

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

